



STORTINGET

Innst. 382 S

(2021–2022)

Innstilling til Stortinget
frå arbeids- og sosalkomiteen

Meld. St. 13 (2021–2022)

Innstilling frå arbeids- og sosalkomiteen om Års melding 2021 for pensjonsordninga for stortingsrepresentantar og regjeringsmedlemer

Til Stortinget

1. Samandrag

1.1 Innleiing

Lov 16. desember 2011 nr. 60 om pensjonsordning for stortingsrepresentanter og regjeringsmedlemmer (stortings- og regjeringspensjonsloven) blei sett i kraft 1. januar 2012. Frå same tidspunkt blei lov 14. desember 1951 nr. 11 om pensjonsordning for statsråder og lov 12. juni 1981 nr. 61 om pensjonsordning for stortingsrepresentanter oppheva.

I samsvar med denne føresegna blir det her lagt fram ei melding om utviklinga i pensjonsordninga for stortingsrepresentantar og regjeringsmedlemer i 2021. Meldinga inneheld ei oversikt over dei viktigaste ytingane i pensjonsordninga etter nye og gamle oppteningsreglar og ei oversikt over utviklinga i ordninga i 2021.

I kapittel 2 i meldinga er det gjort greie for pensjonsordninga.

1.2 Utvikling i 2021 for pensjonar opptent som stortingsrepresentant

Totalt 381 personar fekk ved utgangen av 2021 pensjon på bakgrunn av tidlegare oppteningstid som stor-

tingsrepresentant (alderspensjon, uførepensjon eller etterlatnepensjon).

Det er i kapittel 3 i meldinga gjort nærare greie for gjennomsnittleg månadleg utbetaling, fordeling på kvinner og menn samt gjennomsnittleg pensjonsalder.

1.2.1 ALDERSPENSJON

Ved inngangen til 2021 var det 281 alderspensjonistar i ordninga. Det har det vore ein avgang på 16 personar og ein tilgang på 17 personar. Per 31. desember 2021 var talet på alderspensjonistar derfor 282 personar.

1.2.2 UFØREPENSJON

Ved inngangen til 2021 var det to uførepensjonistar i ordninga. Det har ikkje vore avgang eller tilgang på personar med uførepensjon i løpet av året. Per 31. desember 2021 var talet på uførepensjonistar to personar.

Uførepensjon blir ofte innvilga med verknad tilbake i tid. Det kan derfor framleis bli innvilga uførepensjon som gjeld for 2021.

1.2.3 ETTERLATNEPENSJON (EKTEFELLE- OG BARNEPENSJON)

Ved inngangen til 2021 var det 106 ektefellepensjonistar i ordninga. Det har vore ein avgang på 13 personar og ein tilgang på fire personar. Per 31. desember 2021 var talet på ektefellepensjonistar derfor 97 personar.

I 2021 blei fire personar innvilga ektefellepensjon.

Ved inngangen til 2021 tok éin person imot barnepensjon. Det har vore ein avgang i løpet av året. Per

31. desember 2021 var det derfor ingen som tok imot barnepensjon i ordninga.

1.2.4 REKNESKAP FOR 2021

Pensjonane blir dekte over kapittel 41 «Stortinget». I statsrekneskapen blei det utgiftsført 69 999 316 kroner til pensjonar. Dette er ein liten auke frå 2020. Administrasjonskostnadene var 1 458 881 kroner. Dette er også ein liten auke frå 2020.

1.3 Utvikling i 2021 for pensjonar opptent som regjeringsmedlem

Ved utgangen av 2021 fekk totalt 106 personar ein pensjon frå pensjonsordninga på bakgrunn av tidlegare oppteningstid som regjeringsmedlem (alderspensjon, uførepensjon eller etterlatnepensjon).

Det er i kapittel 4 i meldinga gjort nærmere greie for gjennomsnittleg månadleg utbetaling, fordeling på kvinner og menn samt gjennomsnittleg pensjonsalder.

1.3.1 ALDERSPENSJON

Ved inngangen til 2021 var det 75 alderspensjonistar i ordninga. Det har vore ein avgang på sju personar og ein tilgang på ein person. Per 31. desember 2021 var talet på alderspensjonistar derfor 69 personar.

1.3.2 UFØREPENSJON

Ved inngangen til 2021 var det ingen uførepensjonistar i ordninga. Det har ikkje vore avgang eller tilgang på personar med uførepensjon i løpet av året. Per 31. desember 2021 var det derfor ingen uførepensjonistar i ordninga.

Uførepensjon blir ofte innvilga med verknad tilbake i tid. Det kan derfor framleis bli innvilga uførepensjon som gjeld for 2021.

1.3.3 ETTERLATNEPENSJON

Ved inngangen til 2021 var det 31 ektefellepensjonistar i ordninga. I løpet av året har det vore ein avgang på ein person og ein tilgang på fem personar. Per 31. desember 2021 var talet på ektefellepensjonistar derfor 35 personar.

I 2021 tok fem personar ut ektefellepensjon i ordninga for første gong.

Ved inngangen til 2021 var det to personar som tok imot barnepensjon. Det har vore ein avgang og ein tilgang av personer med barnepensjon i løpet av året. Per 31. desember 2021 var talet på barnepensjonistar derfor to personar.

1.3.4 REKNESKAP FOR 2021

Pensjonsordninga for regjeringsmedlemer blir gitt tilskot til under kapittel 612 «Tilskudd til Statens pensjonskasse». I statsrekneskapen blei det utgiftsført 14 823 488 kroner til pensjonar. Det er ein liten auke frå 2020. Administrasjonskostnadene utgjorde 349 422 kroner. Dette er også ein liten auke frå 2020.

1.4 Sentrale hendingar i 2021

Det blei utført inntektskontroll av alle som tok imot pensjon etter 75-årsregelen. Denne regelen gir stortingsrepresentantar som har oppteningstid i den tidlegare pensjonsordninga for stortingsrepresentantar moglegheit til å ta ut pensjon før 65 år. Inntektskontrollen av dei seks som tok imot pensjon etter 75-årsregelen, blei utført i byrjinga av 2021. Kontrollen gjaldt for inntektsåret 2019.

Hausten 2021 blei det gjennomført etteroppgjer for uførepensjonistar som ut frå skatteoppgjetet for 2020 hadde fått utbetalte for mykje eller for lite uførepensjon.

Stortinget fatta i 2021 vedtak som ga ei særskild regulering i 2021 for mellom anna alderspensjon frå folketrygda og alderspensjon frå pensjonsordninga for stortingsrepresentantar og regjeringsmedlemer.

2. Merknader frå komiteen

Komiteen, medlemene frå Arbeidarpartiet, Tuva Moflag, Runar Sjåstad, Trine Lise Sundnes og Torbjørn Vereide, frå Høgre, Henrik Asheim, Anna Molberg og Aleksander Stokkebø, frå Senterpartiet, Anja Ninasdotter Abusland og Per Olaf Lundteigen, frå Framstegspartiet, Dagfinn Henrik Olsen og Gisle Meininger Saudland, frå Sosialistisk Venstreparti, leiaren Kirsti Bergstø, og frå Raudt, Emma Watne, viser til Meld. St. 13 (2021–2022) – Årsmelding 2021 for pensjonsordninga for stortingsrepresentantar og regjeringsmedlemer og har ingen merknader.

3. Tilråding frå komiteen

Tilrådinga frå komiteen vert fremja av ein samla komité.

Komiteen har elles ingen merknader, viser til meldinga og rår Stortinget til å gjere følgjande

v e d t a k :

Meld. St. 13 (2021–2022) – Årsmelding 2021 for pensjonsordninga for stortingsrepresentantar og regjeringsmedlemer – vert lagd ved møteboka.

Oslo, i arbeids- og sosialkomiteen, den 24. mai 2022

Kirsti Bergstø

leiar og ordførar

